

Agnieszka Wlodarczyk
Peter Jebsens Veg 17
5265 YTRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/9115 - 20/33313

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
04.06.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 179/7 Leivestad nordre

Tiltak: Terrasse
Byggjestad: Gbnr: 179/7
Tiltakshavar: Jaroslaw Wlodarcz og Agnieszka Wlodarcz

Vi viser til søknad om oppføring av terrasse mottatt søknad 06.05.2020 og førespurnad om status mottatt 04.06.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsskart der terrassen er teikna inn. Vedlagt følgjer kart som kan nyttast.
2. Plan-, snitt- og fasadeteikningar av tiltaket. Teikningane skal vera i målestokk.
3. Dokumentasjon på at tiltaket er nabovarsla. Liste over naboar som skal varslast følgjer vedlagt. Nabo som har gitt samtykke til plassering av tiltak 0 meter frå grensa treng ikkje varslast på ny.
4. Arealrekneskap over eigedomen.

Vi tilrår at de nyttar standard søknadsskjema ved innsending av tilleggsopplysningar for å sikra at søknaden vert tilstrekkeleg dokumentert. Skjema finn du [her](#).

Meir informasjon om søknadsplikt og korleis du søker finn du [her](#).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.07.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart gbnr 179-7
Naboliste gbnr 179-7

Kopi til:

Agnieszka Wlodarczyk	Peter Jebsens Veg 17	5265	YTRE ARNA
----------------------	----------------------	------	-----------

Mottakarar:

Agnieszka Wlodarczyk	Peter Jebsens Veg 17	5265	YTRE ARNA
Jaroslav Wlodarczyk	Peter Jebsens Veg 17	5265	YTRE ARNA